



OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Per Sindre Thoresen Aaland, 5764 3109

Vedtak om utbetaling av tilskot

Statsforvaltaren i Vestland viser til invitasjon til erfaringskonferanse gjeldande «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» i Stavanger 8 og 9. november 2023. I invitasjonen går det fram at Statsforvaltaren har sett av midlar som kompetanseregionane kan nytte til reise og opphald i samband med deltaking på konferansen.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland tildeler Osterøy kommune (864 338 712), som representant for Nordhordland kompetanseregion, 47 974 kroner til reise og opphald i samband med deltaking på erfaringskonferansen 8 og 9. november.

Tilskotet blir utbetalt til kontonummer 3633.54.98164, og merka med «Erfaringskonferanse kompetanseløftet 2023».

Vilkår for bruken av tilskotet

Tilskotet skal nyttast til formålet som er beskrive i vedtaket. Om regionen ikkje nyttar midlane til å delta på erfaringskonferansen, skal dei nyttast til regionen sitt arbeid med kompetanseløftet.

Oppfølging og kontroll

Statsforvaltaren i Vestland kan kontrollere at midlane vert nytta etter intensjonane, jf. bevilgningsreglementet for staten § 10. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hjå tilskotsmottakarane for å kontrollere at tilskotet er nytta etter forutsetningane, jf. lov om Riksrevisjonen § 12 tredje ledd. Dersom midlane ikkje vert nytta etter intensjonen skal vi ha melding om dette, og midlane skal betalast tilbake til Statsforvaltaren.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Per Sindre Thoresen Aaland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent